



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/185926-6

Dykkar referanse:
16/2484 - 18/19753

Vår dato:
03.08.2018

Reguleringsplan Feste kai- og næringsområde – planID 1263-201609 – Lindås kommune – Høyring og offentleg ettersyn

Vi viser til forslag til reguleringsplan for Feste kai- og næringsområde i Lindås kommune, mottatt på offentleg ettersyn 21.06.2018. Høyringsfrist er sett til 20.08.2018.

Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Føremål med reguleringsplanarbeidet

Tiltakshavar ønskjer utbetringstiltak innanfor planområdet, knytt til parkering, båt plassar bustad og næring. Ein har også sett det føremålstenleg å avklare funksjon av eksisterande bygningsmasse og anlegg.

Om bussnuplassen ved kaien

Bussnuplassen ved Feste kai er oppgradert i 2018, og gir meir trafikk sikre tilhøve når bussen skal snu i området. Der er også bygd nokre parkeringsplasser og renovasjonspunkt. Desse tiltaka ligg innanfor område f_S i plankartet. I føresegna til planen står følgjande om område f_S:

«Snuplass (f_S)

- Dette er snuplass for busser i rutetraffic
- I midten av snuplassen er det satt at plass til bosscontainer
- I nordlige hjørne av f_S er satt av til parkering med tilkomst over område SPA4 (gnr 70 bnr 19)»

Etter vårt syn er det meir ryddig om området får nemninga o_S, og avgrensast til arealet for bussnuplass og renovasjonspunkt. Dette arealet skal vere offentleg eigd. Parkeringsarealet bør skiljast ut og ha føremål parkering, SPA.

Trafikktryggleik

På kaien møtast ulike trafikantgrupper. Bilar og syklistar kjem frå fylkesvegen til parkeringsområda, medan dei båtfolket kjem gåande frå flytebryggene. Felles målpunkt er butikken og tilhøyrande fasilitetar. Etter vårt syn er det difor viktig å ha tydeleg skilje mellom parkeringsareal og gangareal, og etablere trygge gangaksar.

I planframlegget er det ikkje sett av særskilt areal for gåande. Vi vil be om at ein har fokus på trygge gangareal ved detaljutforming av området.

Utover dette har Statens vegvesen ingen særskilte merknader til planframlegget.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Svein I. Holmedal
fung. seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.